

Til informasjon.

OSTERØY IDROTTSLAG,

Lonevåg, 22.02.82.

Draktmemnda.

Førebels arbeidsnotat til
internt bruk.

DRAKTFARCAR I OSTERØY IDROTTSLAG.

På omframt årsmøte i O.I.L. 15. februar 1982 vart det sett ned ei ny nemnd som skal gje ei utgreiing og koma med framlegg til fargar på laget sine drakter. Desse vart valde i nemnda:

Agnar Hjellvik
Øivind Litland
Johannes Loftås
Jørgen Varden

Agnar Hjellvik fekk i oppdrag å kalla saman til første møtet. Nemnda skulle konstituera seg sjølv.

På grunnlag av dei synsmåtar som kom fram på årsmøtet, meiner nemnda at mandatet er følgjande:

Cje ei samla vurdering av fargar som skal nyttast på dei tre drakttypene konkurransedrakt, representasjonsdrakt og overtrekksdrakt. Framlegg til fargar skal vurderast med omsyn til laget sine tradisjonar, behov i dei ulike gruppene innan laget, godkjenningsordning i særforbunda sentralt, kostnad og eventuelle andre omsyn som bør tilleggjast vekt.

Nemnda hadde første møtet 15. februar 1982. Arbeidsmåte og mål for arbeidet vart drøfta.

Førebels arbeidsplan og problemstillingar:

1. Tidlegare vedtak m.a. i 1946 om lagsfargar, og eventuell bakgrunn for at desse fargane vart valde. Bruk av laget

sine fargar på drakter i dei ymse gruppene, eventuelle andre fargar som og har vore nytta. Godkjenning av lagsfargar hjå særforbunda.

2. Nemnda meiner at alle sider ved draktspørsmålet bør drøftast. Dei to draktene som er i bruk i dag er
- konkurransedrakt i gult og grønt. Dette er laget sine fargar.
 - overtrekksdrakt i blått og raudt.
- Draktene er ikkje samstemt i fargane. Før laget suplerer med ei ny drakt til representasjonsbruk, bør fargeval og utforming på alle dei 3 drakttypane vurderast i høve til kvarandre. På sikt vil laget vera tent med eit gjennomdrøfta standpunkt til fargeval og utforming. Ei tenleg og god uniformering vil styrkja samkjensle og lagsarbeid i gruppene og i hovudlaget.

På dette grunnlaget må følgjande problemstillingar drøftast:

- a. Skal konkurransefargane endrast?
- I tillegg til dei moment som er nemnt ovafor, må spørsmålet vurderast i høve til laget sine tradisjonar, økonomi og gruppene sine behov for drakter. Fargenyansar og draktutforming bør også vurderast av sakkunnige.
- b. Skal fargane på representasjonsdrakt vera lik konkurransefargane?
- c. Dersom ja på spørsmål b), skal då fargane på overtrekksdrakta endrast til konkurransefargane?
3. Kva økonomiske konsekvensar vil skifte av lagsfargar medføra for den einskilde og for laget dersom drakter delvis skal finansierast over laget sitt budsjett?

Nemnda vil leggja ^{fram} opplysningar om meirkostnad ved skifte av fargar på konkurransedrakt og/eller overtrekksdrakt i høve til å halda på noverande fargar. Kostnadstal blir utrekna for kvar av gruppene i laget.

4. Nemnda sin arbeidsmåte.

Førebels arbeidsdeling:

Johannes Loftås greier ut om punkt 1 ovanfor.

Øyvind Litland utfører kostnadsanalyse, punkt 3 ovanfor.

Nemnda har førebels ikkje vald formann.

Agnar Hjellvik kallar inn til neste møte omlag 8. mars.

Alle i nemnda får å arbeida vidare med alternative framlegg som skal vera med i den endelege innstillinga.